

# LIV I VINJE

*Bygdebrev nr 12*

---

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS 2017

---



## Liv i Vinje

Styret i liv i Vinje vil i dette bygdebrevet sei noko om det som me har arrangera dette året. Styre har møte fyrste måndagen i månaden. Dei som sit i styret er Åsne Midtun, Kari Rustbeggard, Knut Eknes, Anita Bekhus, Torun Tvet, Aslaug Kostveit, og Anders Sandvik. Me tek gjerne imot forslag og gode ideear frå dykk.

Styret vil også takke for all god dugnadsinnsats i bygda!!

## Vardebrenning nyttårseftan 2017

I fjor var ikkje været på vår side. så i år vil me prøve å få til Vardebrenning i Veggstjellie igjen. Ber alle om å ta med litt tørr ved til varden. Oppmøte kl16.00 ved Byrtevegskilje. Ta med ski og hovudlykt. Oppfordrar til vardebrenning andre stadar i krinsen.

## Årsmøte 2018

Det vert årsmøte måndag 29.januar kl17.30 rett etter måndagsmiddagen. Set av datoen.

Saker:

1. Godkjenning av saksliste
2. Val av orstyrar og skrivar
3. Eventuelt innkomene saker
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Val

Dersom du har lyst inn i styret eller veit om nokon, sei i frå i god tid før møtet.

## Måndagsmiddag.

Alltid like populært og litt spennande kva som står på menyen. Kokkelaga fungerer bra som dei har gjort. Fantastisk at me fær detta til måndag etter måndag!

Takka vere at dugnadsända framleis lever her.

## Påfonndagen 2017

Det blei ikkje skirenn i år fordi snoen hadde blive borte. Men me hadde etter påfonn på Mjonøy med pizza som vanleg. Anders hadde laga quiz, som alle var med på.



## Sal/Byttedag

I slutten av april arrangera me det på Vinjar. Dei som hadde noko dei ville byte eller bli kvitt fekk kvar sitt bord til å stille ut på. Mange ting og tang fekk ny eigerar denne dagen. Me selde vaflar, kake, saft og kaffe. Ein trivleg dag med mykje folk.



## 17.MAIFRUKOST PÅ VINJAR

Det kom som vanleg veldig mange familiar. Dei hadde med seg dei lekraste fat med mat ein kan tenkje seg! Det blei ein flott buffe. Som vanleg hadde det vore ein fin dugnadsgjeng som hadde pynta og dekt bord på førehand. Etter matakta blei det issalg og leikar for borna. Så var det tog til messe i Vinje kyrkje

Det vart også planta blomar i kassene på utsida av Vinjar før 17.mai. Det var Åsne og Kari som stod for.



## PLANTEBYTTEDAG

Det var mykje spennande planter, dei hadde med seg. Det var ikkje det største oppmøte, men det vart bytta både jordbærplanter, rabarbra, ridderspore, sukkulenter og noko me ikkje hugsa navnet på. Kanskje me kan få til ein plantebyttedag med større oppslutning til neste år.



## JONSOKFEIRING

Som mange år på rad fyrar me bål ved U-en. Og for eit stort bål nede ved Vinjevatn. Kanskje i største laget. Men me hadde været på vår side, ja vinden også. Det blei bra. Grillane blei tent kl17.00. Alle fekk både stekt og «svidd» maten sin. Liv i Vinje hadde kaupt inn vollyballnet og ball. På førehand hadde Geir Olav vore så snill å slått graset og Knut sette opp vollyballnettet. Mange hadde funne veggen ned i år og nokon var vel litt usikre på om det ville bli meir regn. Me hadde og issalg. Noko som alltid smakar! Leik og moro for dei yngste og trivlege røur for dei vaksne denne kvelden.



## ANDRE ARRANGEMENT SOM SKJER I KRINSEN!

**Vinje handverkslag:** Hadde handverksutsal på Mjonøy i sommar, Det har og vore ymse temakvelder og kurs i bunadsaum. Det har vore registrering avtekstilar i Vinje Det er Norsk institutt for bunad og folkedrakt ( NBF) som stod for det.

**På Breiot:** Er dei driftige tysdagskjeringan, der handarbeid og gode røur sit laust. Basar lagar dei også i stand.

**Smørklepp grendelag:** Held fortsatt på med Laurdags kafe, Dei har og arangert nokon toppturar i nærmiljøet.

**Mogane grendelag:** Har hatt spitekveld nokon tysdagar i haust.

**Vinje Spel og Dans:** Skipa til dansekurs på Vinjar, Det var godt oppmøte dessa kveldane i haust. Det vart dansa både gangar, springar og litt ana dans.

**Vinje løypelag:** Kan melde om prapparete løyper og god gli på Våmartveit. Stor takk til dugnadsgjengen som stiller opp.



**Teatergruppa på Vinjar** er i fullgang med øvinga til teaterstykket *Dei 12 månadane*, det er basert på eit Russisk eventyr.

Foreldre og frivillige lagar varm mat når dei kjem frå skulen.

**Teaterframsyninga er fyste helg i februar 2018**

**Vinjebryggeri:** Fire vinbyggjarar satsar friskt på ny drift i gamle lokale som i mange år har vore samlingsplass i bygda. Det var 17.mai i år at Kari Nestestog, Luke Tennant, Sonja og Anders Sandvik bestemte seg for å kaufe bui av Gardsmatdamene. I sommar og haust har dei rive, snikkera, måla og støypt for å gjere klart for Vinje bryggeri. Her skal dei ha mikrobryggeri for inntil 25 000 liter øl, eige butikkutsal og pub- og konsertlokale under sama tak. Alt skal vere klart til desember i år. Målet er å lage godt øl, arbeidsplassar og ein triveleg møteplass for bygdefolk og hyttefolk.

Dei fire ølbryggarane fortel om mange trivelege tilbakemeldingar frå naboar og andre i bygda. Det ser ut til at dei fleste er klare for å treffe folk og ta eit godt glas til gode røur. Det er viktig for dei nye eigarane av gamle Gardsmatbui å kome kjapt i gong, slik at plassen framleis skal vere eit samlingspunkt i bygda og slik at gamle kundar kan kome attende for lokale produkt. I store delar av desember vil butikkutsalet vere ope, og i joli vil det bli pubkveldar og konsert 22. og 29.12. Opningstider og drift framover vil avhenge av kva folk vil ha. Blir det populært med pubkveldar og til dømes sportssendingar på storskjerm kan det jau bli ofte. Elles vil dei prøve ut fleire ulike produkt og løysingar framover.

Ein finn meir om Vinje bryggeri og pub på Facebook og heimeside.



# Joletrefest på Vinjar



Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt joletreet 3. dag jol på Vinjar. Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00. kanskje kjem nissen... Der-  
som alle tek med litt småkaker og drikke kan me fordele det rundt på borda. Inngang: kr.50,- for vaksne, born gratis.

Alle er hjarteleg velkomne!